



Arkivnr: 2014/555-4  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                        | Møtedato   |
|------------------------------|------------|
| Fylkestrafikksikringsutvalet | 03.03.2014 |

## FTU - Budsjett for 2014

### Samandrag

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak 62/13 Årsbudsjett 2014. Til trafikantretta tiltak (FTU-midlar) er det for 2014 sett av 4 mill kroner. Av desse går 800.000 kr til lokale trafikksikringsarrangement gjennom ei eiga tilskotsordning, og resterande 3,2 mill kr til andre tiltak etter Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017).

I handlingsplanen er det gjort ei fordeling av midlane for fireårsperioden samla. Ettersom trafikksikringsarbeidet i Hordaland har fått ei ny organisering, og oppstarten av denne har teke tid, er det grunnlag for å tru at ikkje alle dei nye, store tiltaka kan både planleggjast og gjennomførast inneverande år. Fleire av dei nye tiltaka treng god planleggingstid for å kunne gjennomførast på ein tilfredsstillande måte. Det er difor flytta nokre midlar frå desse tiltaka til andre tiltak i 2014 for å sikre seg mot mindreforbruk.

### Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland (FTU) tek forslag om bruk av trafikksikringsmidlane i 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.02.2014**

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak 62/13 Årsbudsjett 2014. Til trafikantretta tiltak (FTU-midlar) er det for 2014 sett av 4 mill kroner. Av desse går 800.000 kr til lokale trafikksikringsarrangement gjennom ei eiga tilskotsordning, og resterande 3,2 mill kr til andre tiltak etter Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017).

I handlingsplanen er det gjort ei fordeling av midlane for fireårsperioden samla. Ettersom trafikksikringsarbeidet i Hordaland har fått ei ny organisering, og oppstarten av denne har teke tid, er det grunnlag for å tru at ikkje alle dei nye, store tiltaka kan både planleggjast og gjennomførast inneverande år. Fleire av dei nye tiltaka treng god planleggingstid for å kunne gjennomførast på ein tilfredsstillande måte. Det er difor flytta nokre midlar frå desse tiltaka til andre tiltak i 2014 for å sikre seg mot mindreforbruk.

Under følgjer ei fordeling av midlane:

|    | <b>Tiltak</b>   | <b>Fordeling 2014, kr</b> |
|----|---|---------------------------|
| 1  | Tilskot til lokale arrangement                                | 800 000                   |
| 2  | Tilskot til kommunale TS-planar                               | 500 000                   |
| 3  | Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane (TS-planar)     | 1 000 000                 |
| 4  | Trafikksikre kommunar   | 150 000                   |
| 5  | Trafikksikringskonferanse for kommunane                       | 62 500                    |
| 6  | Trafikksikringspris   | 25 000                    |
| 7  | Tilskot til trafikkopplæring i barnehagar og skular           | 87 500                    |
| 8  | Trafikksikringsdag for vgs og lærinngar/»Sei ifrå!»-kampanjen | 30 000                    |
| 9  | Driftstilskot til TS-hallen                                   | 100 000                   |
| 10 | Særskilte kampanjar/kontrollar på særleg utsette strekningar  | 375 000                   |
| 11 | § 34 - prosjekt   | 50 000                    |
| 12 | Reflekskampanje/kontroll                                      | 250 000                   |
| 13 | Bybanekampanje/Samspelskampanje                               | 250 000                   |
| 14 | Fylkesfinalen i sykling                                       | 62 500                    |
| 15 | Diverse   | 257 500                   |
|    | <b>Totalt</b>   | <b>4 000 000</b>          |

*Tilskot til lokale arrangement*

Det er fastsett i handlingsplanen at det årleg vert sett av 800.000 kr til denne tilskotsordninga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement eller prosjekt som er tufta på lokale initiativ. Midlane skal nyttast til trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet skal gå til aktørar som på eiga hand elles ikkje har midlar til å kunne gjennomføre slike arrangementet. Ut frå dette er aktuelle søkjarar barnehagar, skular, stiftingar/lag, organisasjonar og kommunar. I tillegg kan det gjevast tilskot til enkeltarrangement som utgår frå eit samarbeid mellom tverrfaglege trafikksikringsetatar, jf blålysetatane. Det er eit sentralt kriterium for å motta tilskot at arrangementet rettar seg mot dei definerte satsingsområda for trafikksikring i Hordaland. Frå tidlegare år er det etablert søknads- og rapporteringsskjema til denne tilskotsordninga. Frist for søknader er sett til 1. februar og 1. september kvart år.

*Tilskot til kommunale TS-planar*

Også i denne planperioden er det sett av 500.000 kr kvart år til kommunale TS-planar. Frist for søknader er sett til 1. mai slik at utbetaling kan skje i fyrste halvår.

*Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane (TS-planar)*

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden. Totalt er det setta av 4 mill kr til denne tilskotsordninga i fireårsperioden, og av det følgjer det 1 mill kr for 2014. I handlingsplanen er hovudkriteria for tiltaket sett opp. Det er grunnlag for å tru at ein også inneverande år vil kunne finne mange aktuelle prosjekt.

*Trafikksikre kommunar*

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden. Dette prosjektet krev god planlegging før det kan setjast igang. Bakgrunnen for dette er mellom anna at det vil ta noko tid for kommunane å få det formelle på plass dersom dei ønskjer å verte ein trafikksikker kommune. Prosjektet vil vere under planlegging i år, men det er ikkje grunnlag for å tru at meir enn eit par kommunar vil kunne sertifiserast i 2014, og ramma for 2014 er difor sett til 150.000 kr.

#### *Trafikksikringskonferanse for kommunane*

Til den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland er det sett av 62.500 kr. Det er forslag om å arrangera konferansen i november, - likt tidlegare år.

#### *Trafikksikringspris*

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden, og FTU må her utarbeide retningslinjene/vilkåra for denne prisen. Det er sett av 25.000 kr årleg, og det vert lagt opp til at prisen vert delt ut på den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane.

#### *Tilskot til trafikkopplæring i barnehagar og skular*

Det er eit ønskje å leggje til rette for at tilsette i barnehagar og skular kan auke sin trafikksikringskompetanse, og i dette arbeidet er Trygg Trafikk ein viktig medspelar. Trafikkopplæring i barnehage og skule kan både skje gjennom tildeling av materiell og gjennom kurs, og det vert lagt opp til å gjennomføre eit slikt informasjonsarbeide i regi av Trygg trafikk også i 2014. Det er sett av 87.500 kr årleg til dette arbeidet i 2014.

#### *Trafikksikringsdag for vgs og lærlingar*

Tiltaket omfattar etablering av trafikksikringsdagar for elevar i den vidaregåande skulen og for lærlingar med tanke på at denne aldersgruppa er særst utsett i trafikken. Når det gjeld trafikksikringsdagar/kurs for lærlingar vart dette etablert i 2012, og kursa vart halde i Trafikksikkerhetshallen. Det vert teke sikte på å gjennomføre dette også hausten 2014, og det er sett av 30.000 kr.

Vidare er det i den nye handlingsplanen og eit ønskje om å etablere trafikksikringsdagar for elevar i dei vidaregåande skulane. Dette må koordinerast med Opplæringsavdelinga, og i handlingsplanen (side 20) vert det lagt opp til at dette fyrst kan skje i skuleåret 2014/2015.

#### *Driftstilskot til TS-hallen*

Også i denne planperioden er det sett av 100.000 kr kvart år til driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland.

#### *Særskilte kampanjar/kontrollar på særleg utsette strekningar*

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden. Det er planlagt at det vert gjennomført særskilte kampanjar og kontrollar på særleg utsette vegstrekningar (riksveg/fylkesveg) i Hordaland. Midlane som er sett av skal primært finansiere før- og etterarbeid knytt til dokumentasjon, utarbeiding av informasjonsmateriell etc.

#### *§ 34 – prosjekt*

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden. § 34 gjev høve til å tilbakekalle førarretten, og for å gjennomføre eit slikt prosjekt må dei sentrale handhevingsaktørane Politiet, Statens vegvesen og Fylkesmannen (fylkeslegen) samlast. Fylkeskommunen vil her ta på seg ei koordinerande rolle, og midlane knytt til prosjektet er tenkt om oppstartsmidlar. Det er i 2014 sett av 50.000 kr til dette tiltaket.

#### *Reflekskampanjar/kontroll*

Årleg kjøper FTU inn refleksprodukt gjennom ein eigen rammeavtale. I samband med utdeling av desse er det og viktig med informasjon og kontrollar for å få auka fokus på å bruke refleks, og slike kampanjar vert gjennomført på hausten. Det er sett av 250.000 kr i 2014 til tiltaket.

#### *Bybanekampanje/Samspelskampanje*

Utgangspunktet for dette tiltaket er å setje fokus på samspelet mellom gåande, syklende og bilistar, og særleg med tanke på bymiljø/Bybanen. Det er i handlingsplanen og lagt opp til at ein kampanje her kan utviklast som ein samspelskampanje saman med Statens vegvesen. Å få dette på plass og etablere ein ny kampanje vil krevje mykje ressursar å få i stand iløpet av våren. Ut frå dette vert det difor lagt opp til at reklamesnutten om mobilbruk som fylkeskommunen fekk laga våren 2013 også vert vist på kino i 2014. Denne kampanjefilmen set fokus på mobilbruk og bilkøyning, og har fått gode tilbakemeldingar. Dette var eit

stort trafikksikringsprosjekt for fylkeskommunen i 2013, og det er viktig at det vert nytta over fleire år. Det vert difor lagt opp til å vise reklamen på Bergen kino 2. halvår 2014. Det er sett av 250.000 kr til dette.

*Fylkesfinalen i sykling*

Arrangementet vert halde i Bergen i september kvart år. Det er sett av 62.500 kr til dette basert på midlar brukt tidlegare år.

*Diverse*

Ein liten del av midlane på denne posten må nyttast til utbetaling av konsulenthjelp i 2014 knytt til sluttarbeidet med *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fordelinga av midlane er basert på den nye handlingsplanen for trafikksikring. Fylkesrådmannen ber forslaget om fordeling av midlane vert teke til orientering.